**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEINNKALLING

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Forvaltningsutvalet** |
| **Møtestad:** | **Voldsfjorden, Volda Rådhus** |
| **Dato:** | **09.01.2018** |
| **Tid:** | **13:00** |

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Minner om at framlegg til vedtak skal sendast elektronisk til politikk@volda.kommune.no.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb og på servicekontoret.

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak |
|---|---|
| PS 1/18 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| PS 2/18 | **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte** |
| PS 3/18 | **Retningsliner for brøyting og strøing av kommunale vegar i Volda sentrum** |
| PS 4/18 | **Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan, gbr. 161/3** |
| PS 5/18 | **Spelemiddelsøknader 2018 - kommunal prioritering** |
| PS 6/18 | **Orienteringssaker** |
| OS 1/18 | **Delegert vedtak - Konsesjon - Gbr 24/9** |

**PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 2/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Edvin Løfoll | Arkivsak nr.: | 2017/2440 |
| | | Arkivkode: | Q14 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 3/18 | Forvaltningsutvalet | 09.01.2018 |

## RETNINGSLINER FOR BRØYTING OG STRØING AV KOMMUNALE VEGAR I VOLDA SENTRUM

**Administrasjonen si tilråding:**
Nye retningslinene vert vedtekne slik dei ligg føre.

**Vedleggsliste:**

1. Nye retningsliner for brøyting og strøing av kommunale vegar (2017)
2. Gamle retningsliner for brøyting (1991)

**Samandrag av saka:**
Volda kommune har i dag retningsliner som vart utarbeidde og vedtekne i 1991. Mykje har endra seg i denne perioden. Køyrety på vegane har betre framkomstevne. Innbyggarane sitt levesett gjev andre krav og kan fort føre til sårbare situasjonar dersom snø og glatte vegar vert ei hindring i kvardagen. Behovet for nye retningsliner som er tilpassa tida vi no er ein del av var difor tydeleg til stades.

**Saksopplysningar/fakta:**
Volda kommune har i dag retningsliner som vart utarbeidde og vedtekne i 1991. Dette er 26 år sidan og mykje har endra seg i denne perioden. Køyrety har vesentleg betre evne til å ta seg fram og innbyggarane har behov for føreseielege kvardagar.

kommunen har investert i nye og betre kjørety for gjennomføring av brøytinga og på bygdene har vi avtalar med private entreprenørar. I tillegg har vi avtale med private entreprenør vedkomande brøyting av kommunale plassar, også i sentrum.
Kommunen har og investert i nytt strø grus lager under tak, noko som betrar situasjonen monaleg. Det vert mindre problem med frost i strøgrus/salt blandinga.

Etter som åra har gått sidan førre vedtak (1991), har kommunen gradvis gjort endringar der situasjonane har stilt nye krav.
Teknisk fann difor tida mogen for å presisere samspelet mellom fastsetting av beredskap (vert utført av administrasjonen), ansvar utanom arbeidstid (ansvar teknisk vakt) samt brøyting på dagtid (ansvaret ligg til formann veg).

Dei nye retningsline (sjå vedlegg) er drøfta internt mellom administrasjon, teknisk vakt og formann veg. Største endringane går på prioritering av mjuke trafikantar og kollektivtransport, samt mest mogeleg brøyting på dagtid for å redusere kostnader. Det vil og vere eit hjelpemiddel for partane til å ha sams oppfatning og kunne gjennomføre sine vakter og oppgåver mest mogeleg likt.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Nye køyrety betrar HMS for eigne mannskap. Bruk av strøing med grus kontra salt vert positivt for miljøet. Det er og fokusert på gåande/syklande og betring av tilhøva for desse grunna strøing.

**Økonomiske konsekvensar:**
Lite/små grunna denne presiseringa/endringa.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Lite eller små endringar i høve dagens situasjon.

**Vurdering og konklusjon:**
Nye retningslinene vert vedtekne slik dei ligg føre.

teknisk sjef Rune Totland

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**

# <u>Retningsliner for brøyting og strøing av kommunale vegar i Volda sentrum</u>

Brøyteinstruksjonen og retningslinene er meint som eit hjelpemiddel for dei som set eller tek ut beredskap, teknisk vakt, formann på veg og dei som brøytar.

Brøyting og strøing av kommunale vegar vert utført for å sikre framkomst for bilar, bussar, utrykkningskøyretøy og mjuke trafikantar på ein forsvarleg måte.

Frå 1. november til 31. mars er eit brøytelag på fem personar i beredskap til ei kvar tid. Administrasjonen ved rådhuset kan ta ut brøytelaget for beredskap ved å melde frå innan kl. 12:00 for dei kommande 24 timane. Ein kan ta ut brøytelaget for beredskap i fleire samanhengande dagar om ein ser at været tillet dette.

1. I normal arbeidstid (07:30-15:30) er det formann på veg som har ansvar for at vegane i sentrum er tilstrekkeleg brøyta. Utanom normal arbeidstid er det teknisk vakt som har dette ansvaret.
2. Teknisk vakt kallar ut brøytarane når det skal brøytast utanom normal arbeidstid. Brøytarane har intill 20 minutt tilkallingstid for frammøte Myrtun.
3. Brøyting skal normalt starte ved 8-12 centimeter tørr snø. Ved våt eller fuktig snø er det opp til teknisk vakt eller formann og avgjere om det skal brøytast eller ikkje.
4. Det skal prioriterast å brøyte på dagtid når det er mogeleg. Dette kan og gjelde for mindre snømengder. Prioriteringa skal vere den same som ved strøing.
5. Kommunale vegar, busslommer og gangfelt skal være brøyta til kl. 07:30 på kvardagar og 09:00 i helgar og heilagdagar.
6. Ved store snømengder og opphoping, skal alle vegar brøytast til ein får rimeleg snøfrie vegar. Dette gjeld både gangveg og køyrevegar. Dette for å hindre oppbygging av is og slaps. Arbeidet skal om mogleg gjennomførast innanfor normal arbeidstid.
7. Strøing etter behov ved glatte gangvegar eller når bilar normalt skodde for vinterføre ikkje kjem fram eller har forsvarleg bremsegrep. Gangvegar og bussruter skal prioriterast, så samlevegar, deretter sidegater.
8. Formann rapporterer til teknisk vakt om status på brøyting og strøing ved arbeidsdagens slutt kl. 15:30. Teknisk vakt rapporterer på same måte status på brøyting til formann ved arbeidsdagens start kl. 07:30.
9. Grunna lite effektiv brøyting og utfordring med mjuke trafikantar og stor trafikk, skal brøyting mellom klokka 15:30 og 21:00 vurderast særskilt.
10. Når brøytar er instruert til å brøyte, er det brøytar sjølv som er ansvarleg for at retningslinjene vert haldne.

Volda 19.12.2017

VOLDA KOMMUNE

HTS-sak 91 AD 005

Dato: 22. januar 1991
Arkiv: 563
Sakshandsamar: S. Hessen

## STANDARD PÅ VEGVEDLIKEHALDET

Den 11.12.90 drøfta HTS saka førebels. Drøftingane konkluderte med at teknisk sjef skulle kome med ei konkret tilråding med bakgrunn i drøftingane i dag.

Eg ser det slik at saka må delast i to. Ein del bør handle om målsetting som så teknisk etat får i oppdrag å klarlegge konsekvensen av og kva det vil koste med sikte på gjennomføring over tid. For seg har eg behandla prioritering av brøyting og sandstrøing og når arbeid skal ta til.

1. Målsetting

Kommunale vegar og vegar til verksemder bør normalt vere brøytt gjennom ein gong til slike tider:

- Køyrevegar: kl. 07.00 på kvardagar
- Køyrevegar: kl. 09.00 på søn- og helgedagar
- Gangvegar: 1 time seinare
- Parkeringsplassar bør normalt vere brøytt til kl. 08.00

Sandstrøing skal normalt vere utført til dei tider som er oppsett for brøytinga. For vegar som vert brøytt/strødd med kommunalt materiell, kan det berre gjerast når det er beredskap.

Eg må alt no seie frå at ei slik målsetting for brøyting i sentralområdet tilseier ei fordobling av ressursinnsatsen med eigne folk eller privatisering av delar av brøytinga og å gje tilskot til brøyting av private vegar i staden for å utføre brøyting.

2. Når brøyting skal ta til

Brøyting skal normalt starte ved snømengder på 8 - 12 cm.

På bratte vegar må brøytinga normalt starte før enn på flate vegar.

Brøyting må og normalt ta til før på tung våt snø enn lett tørr snø.

3. Når strøing skal ta til

Sandstrøinga skal ta til når det ikkje er råd å fote seg for folk eller når bilar som er normalt skodde for vinterføre ikkje kjem fram eller har forsvarleg bremsegrep.

4. Prioritering av brøyting

Når brøyting tek til, skal arbeidet prioriterast slik:

a. Svært bratte vegar som er einaste tilkomst til eigedomar og dei brattaste samlevegane i prioritet etter stigningsforhold

b. Samlevegar elles og gang- og sykkelvegar.

c. Andre vegar

Gang- og sykkelvegar som går parallelt med køyrevegar skal brøytast til same tid som køyrevegen.

5. Prioritering av sandstrøinga

a. Svært bratte vegar som er einaste tilkomst til eigedomar prioritert etter stigningsforhold, dei brattaste samlevegane og dei brattaste gang- og sykkelvegane.

b. Gang- og sykkelvegar elles

c. Samlevegar elles

d. Andre vegar

TILRÅDING TIL VEDTAK:

HTS er samd i den førebels målsetting for brøyting og sandstrøing og bed om å få vurdert konsekvensen av det.

HTS er samd i den prioriteringa av brøyting og sandstrøing som går fram av saksutgreiinga.

..............

Saka vart handsama i HTS i møte den 22.01.91 i sak 91 AD 005 og det vart gjort fylgjande handsaming:

Sverre Paul Runde kom med framlegg om å stryke fyrste avsnitt i tilrådinga frå teknisk sjef.

VEDTAK:

Det vart røysta punktvis.
Første avsnitt i tilrådinga vart vedteken mot 1 røyst (Runde)
Andre avsnitt i tilrådinga vart samrøystes vedteke.

91 AD 005 b

Vedtaket lyder:

**HTS er samd i den førebels målsetting for brøyting og sandstrøing og bed om å få vurdert konsekvensen av det.**

**HTS er samd i den prioriteringa av brøyting og sandstrøing som går fram av saksutgreiinga.**

Rett utskrift, 23.01.91

Reidunn Vadstein

Reidunn Vadstein

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Berit Sandvik Skeide | Arkivsak nr.: | 2017/1656 |
| | | Arkivkode: | 161/3 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 4/18 | Forvaltningsutvalet | 09.01.2018 |

## SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN, GBR. 161/3

**Administrasjonen si tilråding:**
Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2 gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kommunedelplan (Kystsoneplan for Lauvstad-Ulvestad) for uttak av stein på gnr. 161, bnr. 3.

Det vert sett følgjande vilkår for dispensasjonen:
- Det skal ikkje sprengast eller køyrast ut massar på søndagar og heilagdagar.
- Det skal ikkje sprengast eller køyrast ut massar mellom kl.20.00 og 06.00 på kvardagar.
- Det skal liggje føre løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsle.
- Drivar av steinuttaket pliktar å sørgje for nødvendige sikringstiltak, jf. minerallova § 49. Tiltaka skal sikre at verksemda ikkje er til fare for menneske eller husdyr.
- Uttak av stein er avgrensa til 10 år frå oppstart.
- Steinbrotet skal istandsetjast og revegeterast ved avvikling av steinuttaket. Dette for å sikre best mogleg terreng- og landskapstilpassing.
- For uttak av masser over 3000 $m^3$, vert det stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan.
- Tiltakshavar må sørgje for driftskonsesjon, og det må sendast inn melding til Direktoratet for mineralforvaltning før oppstart av drift.

**Vedlegg:**
1. Søknad om dispensasjon frå Ronny Torvik, datert 6.9.2017.
2. Sak på høyring. Brev til uttaleinstansane, datert 2.11.2017.
3. Merknad frå Lauvstad og Velsvik Grendeutval, registrert 14.11.2017.
4. Merknad frå Statens vegvesen, datert 15.11.2017.
5. Merknad frå Landbrukskontoret Ørsta Volda, datert 21.11.2017.
6. Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 5.12.2017.
7. Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 8.12.2017.

**Bakgrunn:**

Ronny Torvik har søkt om dispensasjon frå kommunedelplan (kystsoneplan for Lauvstad-Ulvestad) for uttak av stein på eigen grunn. Torvik driv jordbruk på gnr. 161, bnr. 3 som ein del av Trio Samdrift DA. I tillegg driv Torvik eit enkeltmannsføretak innan anlegg (boring/sprenging).

**Saksopplysningar/fakta:**
<u>Lokalisering</u>
Området ligg i Torvika, ca. 2,3 km frå Lauvstad ferjekai (langs fylkesveg 652).



Lokalisering av området

<u>Planstatus</u>
Eigedommen er ikkje regulert. Området ligg innanfor LNF-område i kommunedelplan for Lauvstad-Ulvestad (kystsoneplan), godkjent 30.1.2003 (plan ID 2003001). I landbruks-, natur- og friluftsområdet er stadbunden næring lagt ut saman med natur- og friluftsområde i bunden kombinasjon.



Utsnitt frå kommunedelplan for Lauvstad-Ulvestad

<u>Skildring av tiltaket</u>
Tiltaket er avgrensa til 10 m fjellskjering, og ca. 900 m$^2$. Massane er stipulert til 3000 m$^3$
Området ligg i utkanten av eigedommen og er ein del av ein markert kolle.



Kartutsnitt innsendt av tiltakshavar

På området stod det granskog fram til våren 2017. Granskogen vart tatt ut grunna mykje vindfall siste vintrane. I markslagskartet er området markert som skogsmark. Arealet er magert og delvis fjell.

Dispensasjon frå plankravet
Etter plan- og bygningslova, § 19-1 krev dispensasjon grunngjeven søknad. Før vedtak vert fatta, skal naboar varslast. Regionale og statlege mynde skal få høve til å uttale seg før det vert gitt dispensasjonar frå planar og plankrav.

Etter plan- og bygningslova § 19-2, kan det bli gitt dispensasjon dersom ikkje omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert i frå vert vesentleg sett til side. Vidare er det eit vilkår at fordelane ved å gi dispensasjon skal vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen har ikkje høve til å gi dispensasjon dersom vilkåra ikkje er oppfylt.

Søkjar si grunngjeving
Sitat frå søknad:

> *«Har ofte fått forespurnad om steinmassar til ulike tiltak på garden og i bygda elles.*
>
> *Ser her moglegheita i å få flytta vedarbeid og lagring av ymse landbruksutstyr bort frå sjølve tunet ved opparbeiding av eit slik område. Formålet med tiltaket er altså delt.*
>
> *Området ligg i utkanten av eigedomen og blir ikkje sjenerande for nokon. Udelte positive tilbake meldingar etter en runde med nabovarsel.»*

Høyring
Søknad om dispensasjon har vore ute på høyring. Frist for å kome med uttale var sett til 8.12.2017.

Innan fristen kom det inn følgjande merknader:
Lauvstad og Velsvik Grendautval har ingen merknad.

Statens vegvesen, har ingen merknad. Vegvesenet minner om at det må søkjast formelt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle.

Landbrukskontoret Ørsta Volda, har ingen merknad. Landbrukskontoret føreset at landbruksvegen som går langs planområdet ikkje vert stengd og at tiltaket ikkje fører til ulempe for landbruksdrifta på eigedommen og i området ikring.

Møre og Romsdal fylkeskommune, meiner plasseringa av steinuttaket er uheldig i høve til fjordlandskapet, og rår kommunen til å avslå søknad om dispensasjon. Dersom kommunen likevel vurderer behovet for massetak i området til å vere særskilt stort, rår fylkeskommunen til at det vert lokalisert lenger vekk frå fjorden, eksempelvis i bakkant av gardstunet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, meiner steinuttaket vil medføre eit uheldig inngrep i landskapet, som blir godt synleg frå fjorden. Fylkesmannen rår til at det vert sett krav til når tiltaket skal vere endeleg avslutta og korleis området skal framstå. På grunn av støy, bør ein også setje krav til driftstid (t.d. kvardagar mellom 08.00 og 16.00).

Nabovarsel
Tiltakshavar har sendt ut nabovarsel. Det er ikkje registrert merknader til varselet.

**Vurdering:**
Jamfør plan- og bygningslova § 19-2, kan det bli gitt dispensasjon dersom ikkje omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert i frå vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Vesentleg sett til side
Problemstillinga i denne saka, er å vega dei positive næringsmessige sidene opp mot det negative ved at det vil gi inngrep i landskapet.

Argument som talar for dispensasjon:
- Området er ikkje produktivt i dag. På området stod det granskog fram til våren 2017. Granskogen vart tatt ut grunna mykje vindfall siste vintrane. I markslagskartet er området markert som skogsmark. Arealet er magert og består av fjell.
- Det er ingen kjende eller registrerte kulturminne eller verdiar knytt til naturmangfald i området.
- Området har ikkje stor verdi for allment friluftsliv.

Argument som talar mot dispensasjon:
- Tiltaket vil gripe inn i og endre landskapet.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert frå ikkje vert vesentleg sett til side.

Fordelar større enn ulemper
Uttak av stein på gnr. 161, bnr. 3, vil gripe inn i og endre landskapet. Kommunen vurderer det likevel slik at tiltaket ikkje vil få omfattande negative verknader for omgjevnadene og miljøet. Uttak av stein vil vere eit godt supplement til drifta på garden, utan at det går ut over verdfullt landbruksareal.

---

For å starte eit masseuttak, er det ein føresetnad at drivar har utvinningsrett for området. Regelverket skil mellom uttak over 500 $m^3$ og uttak over 10.000 $m^3$. For alle uttak av naturstein vert det stilt krav om driftskonsesjon, uansett storleik. For uttak over 500 $m^2$ skal det sendast inn melding til Direktoratet for mineralforvaltning minst 30 dagar før oppstart av drift.

**Konklusjon:**
Etter ei samla vurdering meiner kommunen at omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert frå ikkje vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gi dispensasjon er større enn ulempene.

Utviklingssjef
Jørgen Vestgarden

**Utskrift av endeleg vedtak:**
- Statens vegvesen Region midt, Postboks 2525, 6404 Molde
- Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde
- Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, Postboks 2500, 6404 Molde
- Ronny Torvik, Torvika 4, 6133 Lauvstad
- Lauvstad og Velsvik Grendautval v/Arne Torvik, Velsvikvegen 197, 6133 Lauvstad

**Klageinstans:**
Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

[redacted]

Lauvstad 06.09.17

# Søknad om dispensasjon frå gjeldande kommunedelplan på bruk 161/3

Eg Ronny Torvik driv jordbruk på 161/3 som en del av Trio samdrift DA, i tilegg driv eg eit enkeltmanns føretak innan anlegg, i hovudsak boring/sprenging.

Har ofte fått førespurnad om steinmassar til ulike tiltak på garden og i bygda elles.

Ser her moglegheita i å få flytta ved arbeid og lagring av ymse landbruksutstyr bort frå sjølve tunet ved opparbeiding av eit slik område.

Formålet med tiltaket er altså delt.

På området stod det granskog fram til våren 2017. Den blei den tatt ut grunna mykje vindfall dei siste vintrane.

Området ligg i utkant av eigedomen og blir ikkje sjenerande for nokon. Udelte positive tilbake meldingar etter en runde med nabovarsel.

Omfanget av tiltaket er avgrensa til 10 m fjell skjæring, ca 900 kvm og anslått til 3000 kbm, sjå teikning på vedlegg.

Søkjer med dette om dispensasjon frå gjeldande kommunedelplan.

1 vedlegg : skisse av aktuelt område

2 vedlegg: ferdig utfylt og signert nabovarsel liste.

VOLDA KOMMUNE
Saksnr. 17/1656 Avd. UTV
Løpenr. Sbs. Perhal
11 SEPT 2017
Arkivdel: Bygg
Klassering P:
Klassering S:

Ronny Torvik




UTM 32 ▼

Koordinater (m): 340690, 6896944

http://kilden.skogoglandskap.no/?topic=landskap&X=6926150.28&Y=29112.42&zoom=13&lang=nb&bgLayer=graatone_cache&layers_opacity=0.75,0.75

Vedlegg nr.
C –

Nullstill

DIREKTORATET FOR BYGGKVALITET

# Opplysningar gjeve i nabovarsel skal sendast kommunen saman med søknaden

**(Gjenpart av nabovarsel)**

Pbl § 21-3

**Tiltak på eigedommen:**

| Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | Eigedomen si adresse | Postnr. | Poststad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 161 | 3 | | | Torvika 4 | 6133 | Lauvstad |

| Eigar/festar | Kommune |
|---|---|
| Ronny Torvik | Volda |

**Det varslast med dette om**

- [ ] Nybygg
- [ ] Anlegg
- [ ] Endring av fasade
- [ ] Riving
- [ ] Påbygg/tilbygg
- [ ] Skilt/reklame
- [ ] Innhegning mot veg
- [ ] Bruksendring
- [ ] Mellombels bygning, konstruksjon eller anlegg
- [ ] Antennesystem
- [ ] Oppretting/endring av matrikkeleining (eigedomsdeling) eller bortfeste
- [ ] Anna

**Dispensasjon** etter plan- og bygningslova kapittel 19

- [ ] Plan- og bygningslova med forskrifter
- [ ] Kommunale vedtekter
- [x] Arealplanar
- [ ] Veglova

Vedlegg nr.
B –

**Arealdisponering**

Set kryss for gjeldande plan

- [ ] Arealdel av kommuneplan
- [ ] Reguleringsplan
- [ ] Utbyggingsplan

Namn på plan

LNF område kommunedelplan-kystsonedelplan for Lauvstad -Ulvestad

**Beskriv nærare kva nabovarslet gjeld**

Utak av steinmasser, opparbeiding av bruksareal for landbruk, korttids lagring av landbruksutstyr.

Vedlegg nr.
Q –

**Spørsmål som gjeld nabovarsel skal rettast til**

Føretak/tiltakshavar
Ronny Torvik

| Kontaktperson, namn | E-post | Telefon | Mobil |
|---|---|---|---|
| Ronny Torvik | ro-torv@tussa.com | 95887344 | |

Søknaden finst på heimeside:
(ikkje obligatorisk)

**Merknader skal sendast til**

Eventuelle merknader skal vere mottekne innan 2 veker etter at dette varslet er sendt.
Ansvarleg søkjar/tiltakshavar skal saman med søknad sende innkomne merknader og gjere greie for ev. endringar.

| Namn | Postadresse |
|---|---|
| Ronny Torvik | Torvika 4 |

| Postnr. | Poststad | E-post |
|---|---|---|
| 6133 | Lauvstad | ro-torv@tussa.com |

**Vedlegg**

| Beskriving av vedlegg | Gruppe | Nr. frå – til | Ikkje relevant |
|---|---|---|---|
| Dispensasjonssøknad/vedtak | B | — | [ ] |
| Situasjonsplan | D | — | [ ] |
| Teikningar snitt, fasade | E | 1 — 1 | [ ] |
| Andre vedlegg | Q | — | [ ] |

**Underskrift**

Tilsvarande opplysningar med vedlegg er sendt i nabovarsel til naboar og gjenbuarar som er berørte.
Kvittering for nabovarsel viser mottakarar av nabovarslet.

| Stad | Dato | Underskrift ansvarleg søkjar eller tiltakshavar |
|---|---|---|
| | | Ronny Torvik (signature) |
| | | Gjenta med blokkbokstavar: RONNY TORVIK |

## Kartdata for Volda kommune

Det er søkar sitt ansvar at dei rette eigedomar får nabovarsel ved søknad om tiltak. Dersom det mangle eigedomar i lista, ta kontakt med kommunen for informasjon.

### Eier(e)

| Eiendom | Navn | Rolle | Personstatus |
|---|---|---|---|
| 1519-161/3 | TORVIK RONNY | Hjemmelshaver | Bosatt i Norge |
| **Adresse** | | **Poststed** | |
| TORVIKA 4 | | 6133 LAUVSTAD | |

### Naboer

| Eiendom | Navn | Rolle | Personstatus |
|---|---|---|---|
| 1519-161/17 | TRIO SAMDRIFT DA | Hjemmelshaver | |
| **Adresse** | | **Poststed** | |
| Jan-Olav Torvik | | 6133 LAUVSTAD | |

| Eiendom | Navn | Rolle | Personstatus |
|---|---|---|---|
| 1519-160/4 | TILSETH ANITA | Hjemmelshaver | Bosatt i Norge |
| **Adresse** | | **Poststed** | |
| ULVESTADVEGEN 119 | | 6133 LAUVSTAD | |

| Eiendom | Navn | Rolle | Personstatus |
|---|---|---|---|
| 1519-0/0 | Hjemmelshaverinformasjon ble ikke funnet | | |
| **Adresse** | | **Poststed** | |

| Eiendom | Navn | Rolle | Personstatus |
|---|---|---|---|
| 1519-160/2 | ULVESTAD INGE LEIF | Hjemmelshaver | Bosatt i Norge |
| **Adresse** | | **Poststed** | |
| ULVESTADVEGEN 124 | | 6133 LAUVSTAD | |

| Eiendom | Navn | Rolle | Personstatus |
|---|---|---|---|
| 1519-161/1 | GJETERUD ANNETTE HÅKONSD | Hjemmelshaver | Bosatt i Norge |
| **Adresse** | | **Poststed** | |
| TORVIKA 14 | | 6133 LAUVSTAD | |

| Eiendom | Navn | Rolle | Personstatus |
|---|---|---|---|
| 1519-161/1 | LUNDBERG ANDERS MOLTU | Hjemmelshaver | Bosatt i Norge |
| **Adresse** | | **Poststed** | |
| TORVIKA 14 | | 6133 LAUVSTAD | |

| Eiendom | Navn | Rolle | Personstatus |
|---|---|---|---|
| 1519-160/7 | ULVESTAD ODDVAR BERNT | Hjemmelshaver | Bosatt i Norge |
| **Adresse** | | **Poststed** | |
| ULVESTADVEGEN 60 | | 6133 LAUVSTAD | |

| Vedlegg | Side | - av |
|---|---|---|
| C - | | |

**Nullstill**

DIREKTORATET FOR BYGGKVALITET

# Kvittering for nabovarsel skal sendast kommunen saman med søknaden

**Nabovarsel kan anten sendast som rekommandert sending, overleverast personleg mot kvittering eller sendast på e-post mot kvittering Med kvittering for at e-posten er motteken meinest e-post frå nabo/gjenbuar som stadfeser at nabovarslet er motteke. Ved personleg overlevering vil signatur gjelde som stadfesting av at varslet er motteke. Det kan òg signerast på at ein gir samtykke til tiltaket.**

## Tiltaket gjeld

| Eigedom/byggjestad | Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | Bygningsnr. | Bustadnr. | Kommune |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 161 | 3 | | | | | Volda |
| | Adresse: Torvika 4 | | | | Postnr.: 6133 | Poststad: Lauvstad | |

**Følgjande naboar har motteke eller fått rek. sending av vedlagte nabovarsel med tilhøyrande vedlegg:**

| Nabo-/gjenbuareigedom | | Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom | |
|---|---|---|---|
| Gnr.: 161 | Bnr.: 17 Festenr.: Seksjonsnr.: | Namn på eigar/festar: Trio Samdrift DA | Dato sendt e-post |
| Adresse: Torvika | | Adresse: Jan O Torvik | Kvittering må leggjast ved |
| Postnr.: 6133 | Poststad: Lauvstad | Postnr.: 6133 Poststad: Lauvstad | Poststaden sitt reg.nr. |
| Personleg kvittering for [X] motteke varsel | Dato: 18/4-17 Sign.: Jan Olav Torvik | Personleg kvittering for [X] samtykke til tiltaket | Dato: 18/4-17 Sign.: Jan Olav Torvik |

| Nabo-/gjenbuareigedom | | Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom | |
|---|---|---|---|
| Gnr.: 160 | Bnr.: 4 Festenr.: Seksjonsnr.: | Namn på eigar/festar: Anita Tilseth | Dato sendt e-post |
| Adresse: Ulvestadvegen 119 | | Adresse: Ulvestadvegen 119 | Kvittering må leggjast ved |
| Postnr.: 6133 | Poststad: Lauvstad | Postnr.: 6133 Poststad: Lauvstad | Poststaden sitt reg.nr. |
| Personleg kvittering for [X] motteke varsel | Dato: 23/4-17 Sign.: Anita Tilseth | Personleg kvittering for [X] samtykke til tiltaket | Dato: 23/4-17 Sign.: Anita Tilseth |

| Nabo-/gjenbuareigedom | | Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom | |
|---|---|---|---|
| Gnr.: 160 | Bnr.: 2 Festenr.: Seksjonsnr.: | Namn på eigar/festar: Inge Leif Ulvestad | Dato sendt e-post |
| Adresse: Ulvestadvegen 124 | | Adresse: Ulvestadvegen 124 | Kvittering må leggjast ved |
| Postnr.: 6133 | Poststad: Lauvstad | Postnr.: 6133 Poststad: Lauvstad | Poststaden sitt reg.nr. |
| Personleg kvittering for [X] motteke varsel | Dato: 18/4-17 Sign.: Inge Ulvestad | Personleg kvittering for [X] samtykke til tiltaket | Dato: 18/4-17 Sign.: Inge Ulvestad |

| Nabo-/gjenbuareigedom | | Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom | |
|---|---|---|---|
| Gnr.: 161 | Bnr.: 1 Festenr.: Seksjonsnr.: | Namn på eigar/festar: Annette H Gjeterud | Dato sendt e-post |
| Adresse: Torvika 14 | | Adresse: Torvika 14 | Kvittering må leggjast ved |
| Postnr.: 6133 | Poststad: Lauvstad | Postnr.: 6133 Poststad: Lauvstad | Poststaden sitt reg.nr. |
| Personleg kvittering for [X] motteke varsel | Dato: 18/4-17 Sign.: AHG | Personleg kvittering for [X] samtykke til tiltaket | Dato: 18/4-17 Sign.: AHG |

| Nabo-/gjenbuareigedom | | Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom | |
|---|---|---|---|
| Gnr.: 161 | Bnr.: 1 Festenr.: Seksjonsnr.: | Namn på eigar/festar: Anders M Lundberg | Dato sendt e-post |
| Adresse: Torvika 14 | | Adresse: Torvika 14 | Kvittering må leggjast ved |
| Postnr.: 6133 | Poststad: Lauvstad | Postnr.: 6133 Poststad: Lauvstad | Poststaden sitt reg.nr. |
| Personleg kvittering for [X] motteke varsel | Dato: 18.04.17 Sign.: [signature] | Personleg kvittering for [X] samtykke til tiltaket | Dato: 18.04.17 Sign.: [signature] |

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovannemnde adressatar.

Samla tal sendingar: __________ Sign.

| Vedlegg | Side - av |
|---|---|
| C - | |

Nullstill

DIREKTORATET FOR BYGGKVALITET

# Kvittering for nabovarsel skal sendast kommunen saman med søknaden

**Nabovarsel kan anten sendast som rekommandert sending, overleverast personleg mot kvittering eller sendast på e-post mot kvittering Med kvittering for at e-posten er motteken meinest e-post frå nabo/gjenbuar som stadfeser at nabovarslet er motteke. Ved personleg overlevering vil signatur gjelde som stadfesting av at varslet er motteke. Det kan òg signerast på at ein gir samtykke til tiltaket.**

| **Tiltaket gjeld** | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Eigedom/ byggjestad** | Gnr. 161 | Bnr. 3 | Festenr. | Seksjonsnr. | Bygningsnr. | Bustadnr. | Kommune Volda |
| | Adresse Torvika 4 | | | | Postnr. 6133 | Poststad Lauvstad | |

**Følgjande naboar har motteke eller fått rek. sending av vedlagte nabovarsel med tilhøyrande vedlegg:**

| **Nabo-/gjenbuareigedom** | | | | **Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom** | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Gnr. 160 | Bnr. 7 | Festenr. | Seksjonsnr. | Namn på eigar/festar Oddvar B Ulvestad | | | Dato sendt e-post |
| Adresse Ulvestadvegen 60 | | | | Adresse Ulvestadvegen 60 | | | Kvittering må leggjast ved |
| Postnr. 6133 | Poststad Lauvstad | | | Postnr. 6133 | Poststad Lauvstad | | Poststaden sitt reg.nr. |
| Personleg kvittering for [X] motteke varsel | Dato 2017-04-23 | Sign. O. Ulvestad | | Personleg kvittering for [X] samtykke til tiltaket | Dato 2017-04-23 | Sign. O. Ulv | |

| **Nabo-/gjenbuareigedom** | | | | **Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom** | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | Namn på eigar/festar | | | Dato sendt e-post |
| Adresse | | | | Adresse | | | Kvittering må leggjast ved |
| Postnr. | Poststad | | | Postnr. | Poststad | | Poststaden sitt reg.nr. |
| Personleg kvittering for [ ] motteke varsel | Dato | Sign. | | Personleg kvittering for [ ] samtykke til tiltaket | Dato | Sign. | |

| **Nabo-/gjenbuareigedom** | | | | **Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom** | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | Namn på eigar/festar | | | Dato sendt e-post |
| Adresse | | | | Adresse | | | Kvittering må leggjast ved |
| Postnr. | Poststad | | | Postnr. | Poststad | | Poststaden sitt reg.nr. |
| Personleg kvittering for [ ] motteke varsel | Dato | Sign. | | Personleg kvittering for [ ] samtykke til tiltaket | Dato | Sign. | |

| **Nabo-/gjenbuareigedom** | | | | **Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom** | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | Namn på eigar/festar | | | Dato sendt e-post |
| Adresse | | | | Adresse | | | Kvittering må leggjast ved |
| Postnr. | Poststad | | | Postnr. | Poststad | | Poststaden sitt reg.nr. |
| Personleg kvittering for [ ] motteke varsel | Dato | Sign. | | Personleg kvittering for [ ] samtykke til tiltaket | Dato | Sign. | |

| **Nabo-/gjenbuareigedom** | | | | **Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom** | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | Namn på eigar/festar | | | Dato sendt e-post |
| Adresse | | | | Adresse | | | Kvittering må leggjast ved |
| Postnr. | Poststad | | | Postnr. | Poststad | | Poststaden sitt reg.nr. |
| Personleg kvittering for [ ] motteke varsel | Dato | Sign. | | Personleg kvittering for [ ] samtykke til tiltaket | Dato | Sign. | |

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovannemnde adressatar.

Samla tal sendingar: __________ Sign.

# VOLDA KOMMUNE
## Utvikling

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»

«POSTI «POSTSTED»
»

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2017/1656 | 13995/2017 | 161/3 | UTV/ BERSKE | 02.11.2017 |

–

**SAK PÅ HØYRING. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN, GBR. 161/3**

Ronny Torvik har søkt om dispensasjon frå kommunedelplan (kystsoneplan for Lauvstad-Ulvestad) for uttak av stein på eigen grunn. Torvik driv jordbruk på gnr. 161, bnr. 3 som ein del av Trio samdrift DA. I tillegg driv Torvik eit enkeltmannsføretak innan anlegg (boring/sprenging).

Torvik opplyser at han har trong for steinmasser til ulike tiltak på garden, og at han får førespurnader frå andre i bygda. På sikt vil Torvik nytte området til vedarbeid og lagring av landbruksutstyr.

Lokalisering av området
Området ligg i Torvika, ca. 2,3 km frå Lauvstad ferjekai (langs fylkesveg 652).




Lokalisering av området

Planstatus
Eigedommen er ikkje regulert. Området ligg innanfor LNF-område i kommunedelplan for Lauvstad-Ulvestad (kystsoneplan), godkjent 30.1.2003 (plan ID 2003001).

Postadresse: postmottak@volda.kommune.no www.volda.kommune.no
Telefon: 47669370
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

I landbruks-, natur- og friluftsområdet er stadbunden næring lagt ut saman med natur- og friluftsområde i bunden kombinasjon.




Utsnitt frå kommunedelplan for Lauvstad-Ulvestad

Skildring av tiltaket

Tiltaket er avgrensa til 10 m fjellskjering, og ca. 900 $m^2$. Massene er stipulert til 3000 $m^3$
Området ligg i utkanten av eigedommen og er ein del av ein markert kolle.




Kartutsnitt innsendt av tiltakshavar

På området stod det granskog fram til våren 2017. Granskogen vart tatt ut grunna mykje vindfall siste vintrane. I markslagskartet er området markert som skogsmark. Arealet er magert og delvis fjell.

Tiltakshavar har sendt ut nabovarsel. Det kom ikkje inn merknader til varselet.



Plassering av steinuttak er markert med oransje. Nydyrkingsområde er markert med gul

<u>Kommunen si vurdering</u>
Sakshandsamar har vore i kontakt med Ronny Torvik for utfyllande informasjon. Det er ikkje snakk om å etablere knuseverk i samband med tiltaket.

Torvik fekk tidlegare i år løyve til å fulldyrke 2,5 daa på gnr. 161, bnr. 3 (Forvaltningsutvalet, sak 27/17, 18.4.2017)). Dyrkingsområdet ligg like nord for planlagt steinuttak. I samband med søknad om nydyrking, kom Fylkesmannen og Fylkeskommunen med fråsegn. Uttaleinstansane hadde ikkje innsigelsar til nydyrkinga.

For å starte eit masseuttak, er det ein føresetnad at drivar har utvinningsrett for området. Regelverket skil mellom uttak over 500 $m^3$ og uttak over 10.000 $m^3$. For alle uttak av naturstein vert det stilt krav om driftskonsesjon, uansett storleik. For uttak over 500 $m^2$ skal det sendast inn melding til Direktoratet for mineralforvaltning minst 30 dagar før oppstart av drift. Tiltakshavar har ikkje sendt inn melding til Direktoratet endå.

Det er snakk om eit mindre uttak av stein. Tiltaket vil gripe inn i og endre landskapet. Kommunen vurderer det likevel slik at tiltaket ikkje vil få omfattande negative verknader for omgjevnadene og miljøet. Uttak av stein vil vere eit godt supplement til drifta på garden, utan at det går ut over verdfullt landbruksareal.

Kommunen har gjennomført plansjekk og risikosjekk (www.gislink.no), og det er ikkje avdekt særskilte tilhøve. Naboane til gnr.161, bnr. 3, har gitt samtykke til tiltaket jf. Nabovarsel.

<u>Høyring</u>
Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for Lauvstad-Ulvestad vert med dette sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens vegvesen, landbrukskontoret for Ørsta Volda og Lauvstad og Ulvestad grendautval til uttale.

Frist for å kome med uttale er sett til 8.12.2017.

Med helsing

Berit Sandvik Skeide

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:
Ronny Torvik,  Torvika 4, 6133 Lauvstad

Vedlegg:
- Søknad om dispensasjon, datert 6.9.2017.
- Sak til Forvaltningsutvalet (FORV), sak 27/17, 18.4.2017.

Hei

Viser til brev datert 02.11.2017 angående Arkivsak nr. 2017/1656 - Løpenr. 13995/2017 - Arkivkode 161/3 - Sak på høyring. Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan GRB.161/3

Lauvstad og Velsvik Grendautval har ingen merknad.

Mvh

Arne Oddmund Torvik.

Leiar Lauvstad og Velsvik Grendautval.

--
Med vennlig hilsen
Arne Torvik

Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Region midt | Per Norvald Walderhaug / 90288380 | 17/196717-3 | 2017/1656 | 15.11.2017 |

# Fv. 652 - Høring - gnr. 161 bnr. 3 Torvika i Volda kommune - dispensasjon fra kommuneplan - uttak av stein

Vi viser til e-post dater 06.11.2017 med oversending av dokument vedrørande søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for uttak av steinmasser på landbrukseigedomen 161/3 i Volda kommune.

Kommunen ber om uttale i dispensasjonssak for etablering av masseuttak i fjell. Uttaket er ikkje større enn 3000m3. Massane skal, slik vi oppfattar saka, i hovudsak nyttast til planering av eit nær liggande areal til nydyrking innanfor landbrukseigedomen. Det kan og bli aktuelt å køyre noko av massen ut av eigedomen. Det skal ikkje etablerast knuseverk i samband med tiltaket.
Tilkomst frå fylkesveg 652 er planlagt gjennom eksisterande avkøyrsle. Denne har god plassering, og tekniske forhold i avkøyrselen er tilfredsstillande. Avkøyrsla er i fellesbruk av fleire eigedomar.






Plassering av steinuttak er markert med oransje. Nydyrkingsområde er markert med gul






Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegene, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegene. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegene på vegne av fylkeskommunen.


| Postadresse | Telefon: 22 07 30 00 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
| --- | --- | --- | --- |
| Statens vegvesen | | Vestre Olsvikveg 13 | Statens vegvesen |
| Region midt | firmapost-midt@vegvesen.no | 6019 ÅLESUND | Regnskap |
| Postboks 2525 | | | Postboks 702 |
| 6404 MOLDE | Org.nr: 971032081 | | 9815 Vadsø |

*Vurdering.*
Skilta fartsnivå på fylkesvegen er 80 km/t og årsdøgntrafikken er 410 køyretøy. I Statens vegvesen sitt haldingskart for strengheit i saksbehandlinga er dette vegstrekket av fylkesvegen definert til streng haldning. Streng haldningsklasse i saksbehandlinga gjeld i hovudsak etablering av nye avkøyrsler eller utvida bruk som medfører merkbar svekking av trafikktryggheita. Dersom all uttatt steinmasse skulle køyrast ut frå eigedomen ville dette truleg utgjere om lag 4-5 hundre vanlege billass. Sidan mykje av massen skal nyttast til planering på eigen eigedom vil dette talet bli vesentleg redusert. Meirbruk i avkøyrsla som følgje av tiltaket blir vurdert som liten.

*Uttale.*
Statens vegvesen har ut frå sitt ansvarsområde ingen merknad til at det blir gitt dispensasjon frå arealplan i denne saka, men det må søkjast formelt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Per Norvald Walderhaug

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

ØRSTA KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

Stormyra 2
6100 VOLDA

| Saksnr | Løpenr. | Arkiv | Saksansvarleg | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2017/2280 | 15027/2017 | 1519/161/3 | SKAARA | 21.11.2017 |

## 1519 GNR/BNR 161/3 - SVAR PÅ HØYRING - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN UTTAK AV STEIN PÅ EIGEN GRUNN - RONNY TORVIK

Høyringssvar til sak 2017/1656 i Volda kommune.

Landbrukskontoret Ørsta Volda har motteke høyringsskriv om dispensasjon for uttak av stein på gnr 161 bnr 3, med søkjar Ronny Torvik.

Etter det vi kan sjå ligg anleggsområdet på areal som ikkje er dyrka eller dyrkbar jord. Arealet er klassifisert som skogsmark med høg bonitet.

Etterbruken er beskrive som tiltak knytt til drifta av landbrukseigedomen.

Landbruksfagleg har ein ikkje merknad til søknaden. Ein føreset at landbruksvegen som går langs planområdet ikkje vert stengd og att tiltaket ikkje fører til ulempe for landbruksdrifta på eigedomen og i området ikring.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Landbrukskontoret Ørsta Volda
www.orsta.kommune.no
Postadresse: Dalevegen 6, 6153 Ørsta
E-post: postmottak@orsta.kommune.no
Telefon: 700 49 700
Org. nr: 939 461 450
Bankgiro: 3992.07.30144

Møre og Romsdal fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| 2017/1656 | 02.11.2017 | 144997/2017/DISPENSASJON/1519 | Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41 | 05.12.2017 |

-

# Volda kommune - uttak av stein på eigen grunn gbnr 161/3 - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Planfagleg vurdering**
Vi rår til at kommunen vurderer tiltaket i forhold til presedensverknad. Av erfaring ser vi dessverre at slike tilfeldige massetak gir negativ presedensverknader og at tiltaka over tid blir meir omfattande enn først omsøkt.

I denne samanhengen viser vi til at massetaket ikkje vil ha nokon reell funksjon i forhold til gardsdrifta, ettersom eventuell behov for etterbruk kan bli løyst på andre, betre og meir stadstilpassa måtar.

**Konklusjon**
Sjølv om tiltaket som er omsøkt er avgrensa så den føreslåtte plasseringa være uheldig i forhold til fjordlandskapet. Ut i frå landskapsomsyn rår vi kommunen til å avslå søknaden om dispensasjon. Dersom kommunen likevel vurderer behovet for massetak i området å være særskilt stor, rår vi til at dette blir lokalisert lenger vekk frå fjorden, eksempelvis i bakkant av gardstunet.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Postadresse: Postboks 2500, 6404 Molde ● Besøksadresse: Julsundvegen 9 ● Telefon: 71 28 00 00 ● Telefaks: 71 24 50 01
e-post: post@mrfylke.no ● www.mrfylke.no

**FYLKESMANNEN**
**I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

| Vår dato | Vår ref. |
|---|---|
| 08.12.2017 | 2017/6914/KABJ/421.3 |
| Dykkar dato | Dykkar ref. |
| 02.11.2017 | |

VOLDA KOMMUNE
Saksnr: 17/1656 | Avd: UTV
Løpenr: | Shs: Berske
12 DES 2017
Arkivdel: Bygg
Klassering P:
Klassering S:

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

## Volda kommune
## Uttak av stein gnr161 bnr3 - Ronny Torvik
## Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Generelt**
Saka gjeld dispensasjon frå kommunedelplanen for uttak av stein på eigen grunn. Steinmassene skal fylle behov for ulike tiltak på eigen gard, og frå andre som treng steinmassar i bygda. På sikt skal området nyttast til vedarbeid og lagring av landbruksutstyr. Tiltaket er avgrensa til 10 meter fjellskjering er ein del av ein markert kolle, og arealet er på om lag 900 m2. Massane er stipulert til 3000 m3.

**Natur- og miljøverninteresser**
Sjølv om omfanget på steinuttaket ikkje er stort, vil det medføre eit uheldig inngrep i landskapet som blir godt synleg, særleg frå fjorden i dette tilfellet. Det er mange eksempel på at slike tiltak ikkje blir skikkeleg avslutta og rydda opp i, og at dei blir liggande som skjemmande sår årevis etter at uttaket er ferdig. Det er difor viktig at det setjast krav til når tiltaket skal vere endeleg avslutta og korleis området då skal framstå. På grunn av støy, bør ein også setje krav til driftstid (t.d. kun kvardagar mellom 0800-1600).

Med helsing

| | |
|---|---|
| Jon Ivar Eikeland (e.f.) | Kari Bjørnøy |
| fagsjef - plansamordning | seniorrådgivar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen Region midt | Postboks 2525 | 6404 | MOLDE |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset | 6404 | Molde |

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Per Heltne | Arkivsak nr.: | 2017/1238 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 243 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 5/18 | Forvaltningsutvalet | 09.01.2018 |

## SPELEMIDDELSØKNADER 2018 - KOMMUNAL PRIORITERING

### Administrasjonen si tilråding:

1. *Volda kommune har fylgjande prioritering av søknader om tilskot frå spelemidlane for 2018:*

*Idrettsanlegg:*

| | |
|---|---|
| *1. Folkestad il - kunstgrasbane* | *fornya* |
| *2. VTI-Allianse – tilbygg klubbhus Volda stadion* | *fornya* |
| *3. Vestsida il - Garasje for trakkemaskin* | *fornya* |
| *4. Volda stadion- rehabilitering av kunstgrasdekke bane 2* | *fornya* |
| *5. Volda kommune- Turveg Volda Sentrum -Elvadalen* | *ny* |
| *6. Volda kommune- Lys Turveg Volda Sentrum-Elvadalen* | *ny* |
| *7. Volda skisenter - Idrettsbygg* | *ny* |
| *8. Volda Campus Arena - ny hall i Volda sentrum.* | *ny (om plan vert godkj.)* |
| *9. Ny symjehall i Volda sentrum* | *ikkje godkj. plan* |

*Nærmiljøanlegg:*

| | |
|---|---|
| *1. Stadion-parken del 2- Turveg og lysanlegg for parken (fril. f. /VTI)* | *fornya* |
| *2. Stadion-parken del 3-Klatrepark (VTI-allianse/VTIFotball/V.Kommune* | *fornya* |
| *3. Stadion-parken del 4- Street-basket/isbane (VTI-all./VTI-Fot. V.Komm)* | *fornya* |
| *4. Folkestad Skule - nærmiljøanlegg-aktivitetsområde* | *fornya* |
| *5. Øyra skule - nærmiljanlegg del 1* | *ny* |
| *6. Øyra skule - nærmiljanlegg del 2* | *ny* |

**Vedleggsliste:**
Nye søknader 2018.
Innspel/vedtak Idrettsrådet
Kommunestyret revidert handlingsprogram kommunedelplan fysisk aktivitet og anlegg for Idrett og friluftsliv - sak ???? /2017.
**Uprenta saksvedlegg:**
Fornya søknader.

Vedlegg til søknader 2018.
Kulturdep. -Idrettsanlegg i ny tid
Helsedirektoratet - kommunene utnyttar ikkje spelemiddelordninga godt nok.
M.R. Fylkeskommune - prioritering av spelemidlar -friluftsliv.
Kommunestyre sak 146/16 - kommunal garanti Volda stadion 2016/1706
Kommunestyre sak - kommunal garanti Stadion-parken 2016/1919
Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-18
plandokument datert 3.02.2014, med vedlegg: - handlingsprogram 2014 – 18
Vedlegg 3 til kommunedelplan: Anleggsoversikt – status, behov, planar.

**Saksopplysningar/fakta:**
Kommunen har motteke 6 søknader om tilskot frå spelemidlane til idrettsanlegg for 2018, og 6 søknader for nærmiljøanlegg.
Av nærmiljøanlegga er 3 søknader knytt til samla tiltak i Stadionparken ved Volda stadion og 2 er knytt til uteområdet ved Øyra skule.
Den siste søknaden gjeld aktivitetsareal ved Folkestad skule.

Kommunedelplan for "*fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-18*", vart godkjent i 2014, med handlingsprogram for perioden 2014 -18.
Etter som det har kome til nye aktuelle prosjekt i denne perioden har revisjon av handlingsprogram vore fremja for kommunestyret årleg i samband med årlig søknadsrunde.
Sist endra handlingsprogram vart vedteke i sak 178/16 den 15.12.2016.
Vedtak i denne saka lydde slik:

*"1. I medhald av plan- og bygningslova §§ 11-15 vert handlingsprogram i "Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-18", justert slik for 2017:*

| *Idrettsanlegg:* | (Status) | *(Spelemiddel-søknad 2017)* |
|---|---|---|
| *1. VTI -Fotball - Fotball -treningshall* | *ferdig 2015* | *gjenntatt* |
| *2. Folkestad il: - kunstgrasbane* | *ferdig 2016* | *fornya* |
| *3. VTI-Allianse – tilbygg klubbhus Volda stadion* | *ferdig 2016* | *fornya* |
| *4. Vestsida il - Garasje for trakkemaskin* | *under bygging* | *ny* |
| *5. Volda stadion- rehabilitering av kunstgrasdekke bane 2* | *under planl.* | *ny* |
| *6. Lys turveg Øyraelva -Volda stadion –Myravegen* | *under planlegging* | *ny* |
| *7. Hjartåbygda Skyttarlag - Standplassbygg -skytebane i Aldalen* | | *ny* |
| *8. Volda Arena - ny hall i Volda sentrum* | *under planlegging* | *ikkje søkt* |

| *Nærmiljøanlegg:* | | |
|---|---|---|
| *1. Stadion-parken - nærmiljøanlegg - aktivitetspark med fire delelement,:* | | |
| *Styrketreningsområde (friluftsforeninga/VTI)* | *under bygging* | *ny* |
| *Turveg og lysanlegg for parken (fril. foreininga /VTI)* | *under bygging* | *ny* |
| *Klatrepark (VTI-allianse/VTIFotball)* | *under planlegging* | *ny* |
| *Street-basket/isbane (VTI-allianse/VTIFotball)* | *under planlegging* | *ny* |
| *2. Øyra skule - aktivitetspark del 1* | *- under planlegging* | *ikkje søkt* |
| *- aktivitetspark del 2* | *- under planlegging* | *ikkje søkt* |
| *- aktivitetspark del 3* | *- under planlegging* | *ikkje søkt* |
| *3. Lysanlegg skate-parken (Volda K./Volda Rullarlag)* | *u. planlegging* | *ikkje søkt* |

*2. Andre registrerte anlegg, jf. liste over aktuelle tiltak nemnt i saka, er prioriterte idretts- og friluftsliv-anlegg som kan få plass i handlingsplan og ha prioritet ved seinare rullering av plan, og i nye søknadsrunder for spelemiddelordninga, etter kvart som dei er klargjort for*

*søknad, gjennom idrettsfunksjonell førehands-godkjenning, og har tifredsstillande planar for finansiering og drift."*

Ved søknadsrunden i 2017 kom også nærmiljøanlegg /aktivitetsareal ved Folkestad skule med som godkjent søknad, utan at dei fekk tildelt midlar då. Denne søknaden vert fornya for 2018.
Alle aktuelle søknader i denne søknadsrunden for 2018 er såleis prioriterte tiltak i sist reviderte handlings-program for kommunedelplanen.

***Saksframlegget i saka, med framlegg til prioritering er sendt over til styret i Idrettsrådet. Vi legg til grunn at Idrettsrådet si tilråding ligg føre ved forvaltningsutvalet si handsaming av saka.***

**Status prioriterte anlegg i kommunedelplan:**
Mykje av prioriterte tiltak i revidert handlingsprogram 2014 -18 er gjennomført og har gitt grunnlag for stor aktivitet innan fleire sær-idrettar og i tilknyting til gjennomførte friluftsliv- og nærmiljøtiltak.
Fleire av anlegga har også fått tildelt spelemidlar.
Andre anlegg er fullført, men står på vent i høve til utbetaling av spelemidlar. Slike tiltak vert difor likevel ståande som prioriterte søknader i denne nye runda, sjølv om utbygginga er fullført. Normalt er det i dag omlag 3-5 års ventetid for tilskot frå spelemidlane. Unntak her er friluftslivstiltak som er gitt prioritet av M.R.Fylkeskommune. Dette er også ei prioritering som er i samsvar med Volda kommune sin plan for Idrett og friluftsliv.

**Status handlingsplan 2014-18:**
Sidan dette er siste året i gjeldande handlingsplan for kommunedelplanen, og denne skal rullerast i 2018, finn eg det rett å gje ein status for prioriterte tiltak i gjeldande plan. (oversikta viser status og når dei eventuelt fekk tildelt spelemidlar)

**Ordinære idrettsanlegg:**
(ferdig/fått spelemidlar) (godkj søknad/ikkje fått sp.midlar enno)

| | | |
|---|---|---|
| VTI -Nordisk Lysløpe-utviding- del 3 tidtakarb./klubbhus | - ferdig 2014 | sp.m 2014 |
| Mork il -kunstgrasdekke | - ferdig 2014. | sp.m 2016 |
| Skiskyttaranlegg Reset - del 1 | - ferdig 2015 | sp.m 2015 |
| Skiskyttaranlegg Reset - del 2 | - ferdig 2015 | sp.m 2016 |
| Volda kommune m.fl. -ulike friluftslivstiltak/ Årneset-p-areal m.m | -ferdig 2016 | statl. midl. |
| VTI -Fotball - Fotball -treningshall (Mørehallen) | -ferdig 2015 | sp.m2016/17 |
| KFUM - sandvolleyballbaner | -ferdig 2013 | sp.m 2014 |
| Volda kommune - utviding av Årneset badeplass | -ferdig | statlege midl. |
| Skiløype Rotevassdalen | - ferdig 2015 | komm.midl. |
| Volda kommune -lysanlegg turveg Årneset-stadion | -ferdig 2016 | sp.m 2015 |
| Folkestaddalen - div. friluftslivstiltak -turveg | - ferdig 2015 | sp.m 2015 |
| Hjartåbygda skyttarlag - klubbus/standplassbygg | - ferdig 2017 | sp.m 2017 |

| | | |
|---|---|---|
| Folkestad il - 7-er bane Kunstgras. (fornya søknad) | - ferdig 2016 | ikkje sp.m enno |
| VTI-Allianse – tilbygg klubbhus Volda stadion | - ferdig 2016 | ikkje sp.m enno |
| Vestsida IL - garasje trakkemaskin | - oppstarta 2017 | ikkje spm 17 |
| Volda kommune- Turveg Volda Sentrum -Elvadalen | - oppstart 2017 | ny |
| Volda kommune- Lys Turveg Volda Sentrum-Elvadalen | - oppstart 2017 | ny |
| Skiskyttaranlegg Reset - del 3 (rulleskidel) | - ikkje starta opp | |
| Volda kommune -orienteringskart | - ikkje starta opp | |
| Volda Rideklubb - ridehall | - ikkje starta opp | |

| | | |
|---|---|---|
| Botnasanden -planavklaring/sikring | - plan under arbeid | |
| Turveg Rotevatnet planlegging/sikring | - plan under arbeid | |

**nærmiljøanlegg:**

| | | |
|---|---|---|
| Volda skatepark del 1 | - ferdig 2015 | sp.m 2014/15 |
| Volda skatepark del 2 | - ferdig 2015 | sp.m 2015/16 |
| Volda skatepark del 3 | - ferdig 2015 | sp.m 2015/16 |
| Vestsida il - rehabilitering - kunsgrasdekke i ballbinge | - ferdig 2016 | sp.m 2016 |
| ***Folkestad Skule - nærmiljøanlegg-aktivitetsområde*** | ***ferdig2017*** | ***ikkje spm17*** |
| ***Øyra skule - nærmiljanlegg del 1*** | ***ferdig2017*** | ***ny*** |
| ***Øyra skule - nærmiljanlegg del 2*** | ***ferdig 2017*** | ***ny*** |
| Dalsfjord skule - aktivitetsareal | - gjennomf. utan tilskot | |
| Folkestad il aktivitetsareal v/ Folkestadvatnet | - ikkje fremja søknad | |
| Bratteberg - tiltak i friområde | - ikkje fremja søknad | |

Etter tildeling av spelemidlar i 2014 - 17 står vi såleis att med berre nokre få anlegg frå den opphavlege prioriteringslista som ikkje har blitt sett i gang.

**Kommunedelplanen -langsiktige oppgåver.**

I kommunedelplanen var det i pkt 7.1 også lista opp ulike langsiktige tiltak/registrert behov, men som då ikkje var kome så langt i planlegging eller finansiering att ein såg det som realistisk at dei kunne bli gjennomførte i planperioden.
*("Langsiktige tiltak: - større tiltak som ikkje er funne plass til i handlingsprogrammet for komande fireårs-periode, men som bør vere aktuelle som langsiktige mål for utviklinga i kommunen, i ikkje prioritert rekkefølgje.")*

Kommunedelplanen legg opp til at slike nye tiltak skal kunne rullerast inn. Jf, sitat frå plandokumentet:
"*Det skal og vere rom for å prioritere inn nye tiltak ut frå initiativ frå lag/organisasjonar ved den årlege handsaming av spelemiddelsøknader.*
*Innanfor området idrett og friluftslivstiltak og nærmiljøanlegg vil den endelege prioriteringa såleis skje årleg i samband med handsaming av søknader om tilskot frå spelemidlane.*
*Prioriteringa mellom tiltaka i plan er såleis ikkje absolutt, men vil kunne endrast ved den årlege prioriteringa"*

Mellom dei langsiktige behova var særleg hallsituasjonen i kommunen peika på.
Det er peika på eit sterkt behov for nye speleflater til ulike hallidrettar.
Gjennom ulike prosessar har ein no kome noko nærare ei realisering av nytt hall-prosjekt i kommunen etter initiativ frå Volda Campus Arena as og ved kommunestyret sitt vedtak om kommunalt bidrag i dette prosjektet.
Ut frå dette er det lagt grunnlag for vidare planlegging av ny hall i Volda sentrum og prosjektet vart såleis teke inn i handlingsprogrammet i plan ved rullering i 2016.
Prosjektet er enno ikkje kome så langt at det ved utsending av denne saka er sikra grunnlag for idrettsfunksjonell godkjenning eller godkjent søknad for spelemidlar i 2018. Det vert imidlertid jobba vidare med tanke på slik godkjenning fram mot kommunen sin frist som er 15.01.2018. Prosjektet er uansett teke inn som prioritert anlegg/søknad i saka.

I tilknyting til hallprosjektet, og Statsbygg/Høgskulen sine vurderingar av status for eksisterande symjehall i Idrettsbygget ved Høgskulen, er det også grunn for også å ta prosjekt *ny symjehall i Volda sentrum* inn som aktuelt tiltak.
Eksisterande symjehall vil kunne bli utfasa allereie frå 2020, og etter som symjebassenget ved Øyra skule allereie er borte, vil ein då risikere at Volda står utan tilbod knytt til symjeopplæring i skulen, og utan tilbod til symjeidretten.

Mellom desse langsiktige oppgavene ligg også inne ulike aktuelle utvidingsprosjekt ved Volda skisenter.
Dei har no fremja søknad om tilskot til idrettsbygg som vil gje plass for Volda RK beredskapsrom, billetering, skiutleige og lager/garasje for snøskuter og materiell.
Tiltaket vert gitt prioritert plass i årets søknadsrunde.

**Tilhøve til kommuneplanen sin samfunnsdel:**
Prioritering av nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv og uorganisert aktivitet er tiltak i samsvar med intensjon og målsetting.
Nye tiltak som vert foreslått teke inn er viktige tiltak retta inn mot barn og unge.
Tiltaka er elles godt tilpassa dei intensjonar som ligg i kommuneplanens samfunnsdel om :

- *å auke tilgangen til attraktive idrett og fritidstilbod som stimulerer til auka fysisk aktivitet, og tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen .*
- *kan styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for auka innsats frå frivillige lag i arbeidet med kultur og fritidsaktivitetar for alle.*
- *Ivareta og styrke eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i frivillig arbeid.*
- *Prioritere førebyggjande tiltak og tidleg innsats overfor barn og unge.*
- *kunne tilby sunne og inkluderande oppvekst- og bumiljø.*
- *kunne bidra til å heve standarden på leike- og aktivitetsområda i kommunen*
- *Legge til rette for meir fysisk aktivitet og styrke og utvide rusfrie møteplassar for ungdom.*
- *Stimulere lag og organisasjonar til å legge til rette for inkludering.*
- *gjennom å utvikle nye arenaer for kultur og idrettsliv, og synleggjere tilboda lokalt og regionalt kan det også bidra til å styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen.*

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Positivt, jf. intensjonar i kommuneplanens samfunnsdel og målsetting i kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv.

**Økonomiske konsekvensar:**
Kommunen har avsett midlar til delfinansiering av aktivitetsparken ved Volda stadion i 2017.
Finansiering av eigenandel til friluflivstiltak - tursti i Elvadalen låg inne i budsjett 2017.
Aktivitetsareala ved Øyra skule er finansiert gjennom det samla skuleprosjektet og er no ferdig bygd.
Turveg og lysanlegg i Elvadalen -tilknyting mot Volda sentrum er finansiert gjennom eige vedtak budsjett 2018.
Det er gitt kommunal garanti for eigenkapitalbehovet til dei prioriterte prosjekta. (klubbhustilbygget Volda stadion, kunstgrasdekke Volda stadion, Folkestad il kunstgrasbane, Garasjebygg Vestsida il, Stadionparken).
Kommunestyret har også i sak 143/16 den 24.11.2016 gjort vedtak om årleg tilskot til lånefinansiering for ny idrettshall.
Dei tiltaka som er prioritert vil såleis, ut over ein relativt kortsiktig kommunal garanti, ikkje ha nye ukjende konsekvensar for kommunal økonomi.
Dei Lags-initierte tiltaka vil i hovudsak vil bli finansiert over laga sin eigen økonomi og ved tilskot frå spelemidlar, men der kommunen sitt økonomiske bidrag gjennom m.a. garanti for lån er utløysande faktor.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Lysanlegg langs slike viktige turvegar/g.s.vegar er svært viktig for trygg ferdsel og trivsel.

**Vurdering og konklusjon:**
Det er positivt at nye prosjekt vert aktualisert og detaljplanlagt slik at dei kan realiserast.
At dette også gjeld anlegg med nye og kanskje utradisjonelle aktivitetar, der nye grupper vert engasjert både i utbygging og som brukarar av anlegga, er også positivt og i tråd med intensjon i godkjent kommunedelplan.
Nye sentrale føringar, jf. m.a innspel frå helsedirektoratet og frå Fylkeskommunen, peikar på friluftsliv- og det nære friluftsliv/lavterskel aktivitetstilbod som viktige prioriteringar i høve til bruk av spelemidlane framover.
Volda kommune har hatt fokus på denne prioriteringa også i gjeldande kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv.
I gjeldande plan heiter det såleis m.a:

*"Planen tek elles høgde for at ein stadig større del av fysisk aktivitet er uorganisert og at dette skjer på andre arenaer enn det som tidlegare har vore tradisjon.*
*Vektlegging av fysisk aktivitet og idrett i førebyggande helsearbeid har eit stadig aukande fokus. Ein vil såleis også i komande periode planlegge og tilrettelegge for aktivitet ut frå eit mosjon og helseperspektiv til liks med den tradisjonell idrettsanleggs-tenkinga.*
*Satsing på tilrettelegging av sentrumsnære friområde/friluftsområde og auka satsing på nærmiljøanlegg, vert søkt prioritert.*
*For å stimulere til vidare utvikling og for å oppretthalde den store frivillige innsatsen i anleggsutvikling og tilrettelegging for fysisk aktivitet trengs det også eit sterkt offentlege engasjement på området.*
*"Ei kommunal krone til idrett og friluftslivsarbeid tilskot løyser ut ei samla investering på 10 kroner gjennom lagsretta tiltak, ved eigenkapital, dugnadsarbeid og statlege tilskot"– altså er slike kommunale bidrag ei svært god investering sett i høve til kommunen sitt mål om å tilrettelegge for auka fysisk aktivitet og betra folkehelse."*

Sentralt i ei slik satsing står no m.a. dei viktige nærmiljøanlegga og friluftslivsanlegga ved Volda stadion og i Elvadalen samt området rundt skulane i kommunen, no sist området ved nye Øyra skule.
Med grunnlag i dette vert friluftslivsprosjektet tilknyting av turvegen i Elvadalen mot gangvegsystemet i sentrum, med tilhøyrande lysanlegg tilrådd prioritert først mellom dei nye søknadane i år.
Når reguleringsplan er på plass vil også planlagt turveg rundt Rotevatnet ha ein sentral plass i slik tilrettelegging av lavterskel tur og rekreasjonstilbod.
Framlegg til prioritering av søknader om tilskot frå spelemidlane for 2018 går fram av tilrådinga i saka.

Utviklingssjef
Jørgen Vestgarden

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Går som melding til Møre og Romsdal Fylkeskommune, kulturavdelinga.
**Kopi:**
Volda idrettsråd
VTI-allidrett
VTI- Allianse
VTI-Fotball
Volda Friluftsforeining
Vestsida il
Folkestad il

Folkestad skule
Volda Campus arena as
Volda kommune -økonomi
Teknisk sektor –
Utvikling

Kulturdepartementet

# Kvittering på innsendt søknad om spillemidler

Referansenummer: 128460 Anleggsnummer: 72100 Registrert dato: 13.12.2017

## Prosjekt

### Prosjektinformasjon

Organisasjon

939760946

VOLDA KOMMUNE

Anlegg

Bru/Turveg - Volda sentrum -Presteholmen

Søknadsordning

Ordinære anlegg

Vi søker om tilskudd til

Bygging av | Trasé

Planlagt byggestart

02.01.2018

### Idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning

Dato forhåndsgodkjenning

26.10.2017

Forhåndsgodkjent av kommune (ev. departement)

Volda

## Kontakt- og regnskapsinformasjon

### Kontaktperson for søknad

Navn på kontaktperson

Torgeir Stensø

Telefonnummer til kontaktperson

70058755

E-postadresse til kontaktperson

torgeir.stenso@gmail.com

### Konto for utbetaling

Kontonummer

3991.07.81727

### Regnskapsansvarlig for prosjekt

Navn på regnskapsansvarlig

Torgeir Stensø

Telefonnummer til regnskapsansvarlig

70058755

E-postadresse til regnskapsansvarlig

torgeir.stenso@volda.kommune.no

Kostnader

Bygging av trasé kr 5 660 170

Tilskuddsberettigede kostnader kr 5 660 170

| Kostnadstype | Beskrivelse | Kjøp varer og tjenester | Mva. på varer og tjenester | Dugnadsverdi | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjon og prosjektering | | 450 000 | 112 500 | 0 | 562 500 |
| Grunnarbeid | Overvassanlegg, avløp | 14 475 | 3 619 | 0 | 18 094 |
| Bygningskostnader | Bygging av turveg | 271 055 | 67 764 | 0 | 338 819 |
| Bygningskostnader | Natursteinsmurar | 1 294 375 | 323 594 | 0 | 1 617 969 |
| Bygningskostnader | Konstruksjonar, bruer med fundament og rekkverk | 2 034 985 | 508 746 | 0 | 2 543 731 |
| Bygningskostnader | Rekningsarbeid | 229 750 | 57 438 | 0 | 287 188 |
| Grunnarbeid | Bearbeiding av terreng | 233 495 | 58 374 | 0 | 291 869 |
| Sum | | 4 528 135 | 1 132 035 | 0 | 5 660 170 |

Søknadsbeløp og finansieringsplan

**Søknadsbeløp**

Kr 1 000 000

**Finansieringsplan**

Egenkapital

Kr 3 156 170

Lån

Kr 0

Kommunalt tilskudd

Kr 0

Fylkeskommunalt tilskudd

Kr 1 204 000

Pengegaver/tilskudd fra privatpersoner/private organisasjoner

Kr 300 000

Andre offentlige tilskudd

Kr 0

Dugnadsverdi

Kr 0

Tidligere spillemidler

Kr 0

Totalsum finansiering

Kr 5 660 170

## Vedlegg

| Valgte vedleggstyper | Beskrivelse | Fil | Lastet opp |
|---|---|---|---|
| Idrettsfunksjonelt forhåndsgodkjente planer med behovsoppgave | | Brev Førehandsgodkjenning.pdf | 13.12.2017 |
| Annet | Prosjekbeskrivelse med kostnadsoverslag | Prosjektbeskrivelse -førehandsgodkjent plan.pdf | 13.12.2017 |
| Annet | Prosjektbeskrivelse, detaljar | Prosjektbeskrivelse -anbodsgrunnlag - førehandsgodkjent plan.pdf | 13.12.2017 |
| Plan for drift av anlegg | | Plan for drift av anlegget.pdf | 13.12.2017 |
| Dokumentasjon av de øvrige delene av finansieringsplanen | Delfinansiering tilskot 1 | Tilsegn om tilskot 1.pdf | 13.12.2017 |
| Dokumentasjon av de øvrige delene av finansieringsplanen | Delfinansiering tilskot 2 | Tilsegn om tilskot 2.pdf | 13.12.2017 |
| Rett til bruk av grunn | Grunnavtale gbr 19/778 | Grunnavtale_1.pdf | 13.12.2017 |
| Rett til bruk av grunn | Grunnavtale gbr 29/9, 29/44, 29/48 | Grunnavtale_2.pdf | 13.12.2017 |
| Rett til bruk av grunn | Grunnavtale gbr 19/107 | Grunnavtale_3.pdf | 13.12.2017 |
| Rett til bruk av grunn | Grunnavtale gbr 19/107 | Grunnavtale_4.pdf | 13.12.2017 |
| Eventuell dokumentasjon av kostnadsposter<br>• Grunnarbeid<br>• Bygningskostnader<br>• Administrasjon og prosjektering | Kostnadskalkyle, turveg med bruer og rekkverk | Tal-grunnlag søknad.pdf | 13.12.2017 |

## Annen informasjon

☑ Alle søkere plikter å gjøre seg kjent med gjeldende bestemmelser. Jeg erklærer herved at jeg har lest nødvendig informasjon, og at jeg etter beste evne har svart på spørsmålene. Jeg er oppmerksom på at hvis jeg ikke gir riktige opplysninger, kan dette føre til at søknaden ikke godkjennes.

Søknaden blir sendt til Volda kommune og sluttbehandles i Møre og Romsdal fylkeskommune

# VOLDA KOMMUNE
## Utvikling

Teknisk sektor
v/Torgeir Stensøe

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2017/2019 | 13596/2017 | 243 | UTV/ PERHEL | 26.10.2017 |

**SPELEMIDDELANLEGG- TURVEG VOLDA SENTRUM - PRESTEHOLMEN. FØREHANDSGODKJENNING.**

Vi har motteke søknad om førehandsgodkjenning (idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning) for planlagt turvegtiltak i Elvadalen ved Volda sentrum.
Elvadalsprosjektet - er eit viktig og høgt prioritert prosjekt i Volda kommune.
Dette er eit natur, kultur og friluftslivsprosjekt som strekkjer seg langs elvestrengen for Øyra-elva heilt frå sjøen ved Volda sentrum til friluftsområda ved Rotevatnet.
Heile prosjektet inngår i kommunen sine overordna planar som eit viktig natur og friområde og er ein sentral akse i kommuneplanen sitt tema i høve natur og friluftsliv, "fra fjord til fjell".
Dert er tidlegare gitt spelemidlar til opparbeiding av tursti/veg i deler av området.
Det er vidare gitt spelemidlar til etablering av lys på delstrekningar av turvegen mellom Årneset og Volda Stadion, og tilsegn om midlar til rehabilitering og lys på delstrekning mellom Volda Stadion og Myravegen. (dette vert gjennomført i 2017-18).




Nedre del av friområdet, frå Presteholmen og til tilknyting mot gate/gangvegsystemet i sentrum er ei utfordrande strekning, der ein ikkje tidlegare har hatt grunnlag for opparbeiding av turveg.
Anlegget har såleis vore avslutta ved mellombels stikkveg mot Elvegata.




Denne nedre del av prosjektet med den viktige tilknytinga mot sentrum er no lagt inn som delprosjekt i pågåande tettstadprosjekt for Volda sentrum, "Mellom bygningane i Volda sentrum".
Dette er eit tettstadutviklingsprosjekt i samarbeid mellom Kommunen, Møre og Romsdal Fylkeskommune og Næringslivet i Volda.
Gjennom dette prosjektet har det lukkast å få på plass naudsynte grunnavtalar og grunnlag for finansiering. I finansieringsplan er også tilskot frå spelemidlane til turveg og lys lagt inn.
Prosjektet er planlagt tilrettelagt med universell utforming.

Det er utarbeidd eit grundig og godt prosjekteringsunderlag og kostnader er basert på kalkyle med grunnlag i anbodsbeskriving.

Postadresse: postmottak@volda.kommune.no www.volda.kommune.no
Telefon: 70058717 Telefaks: Org. nr: 939 760 946 Bankgiro:

**Vurdering:**
Turvegen i elvadalen er eit svært viktig tur og trimvegtilbod i/ved Volda sentrum. Eit lavterskel-tilbod nytta av mange grupper, og også eit mykje nytta gangvegtilbod mot skular og som snarveg til/frå sentrum.
Parsellen er teknisk utfordrande og har høg kostnad, men å få på plass denne siste parsellen som gir naturleg tilknyting mot sentrum vil kunne auke bruken av området vesentleg. I dag må du vere lokalkjent for å finne inngangen til dette unike området. Den siste parsellen vil synleggjere området på ein heilt ny måte og såleis også kunne stimulere til auka bruk og aktivitet. ("Portalen til Elvadalen").
På grunn av bygningar tett inn mot elva og behov for kryssing av elv er det lagt opp til spesialtilpassa løysingar for bru-konstruksjonane. medan turvegdelen har same standard som elles i området ved Årneset og mot Volda stadion.





Illustrasjonar frå prosjektbeskrivelse





Detaljutforming for brukonstruksjon og turveg. sjå teikningar i full målestokk i prosjektbeskrivelse

Prosjektet vil gje eit godt og etterspurt tilknyting av natur og friluftsområdet ved Øyraelva til gangveg og turvegsystemet elles i Volda sentrum, og gjennom betre synleggjering og tilrettelegging stimulere til auka bruk av fleire grupper. Eit godt friluftslivsprosjekt og eit lavterskeltilbod i dette sentrumsnære området.
Kommunen er grunneigar på deler av området, og på dei resterande areal er det inngått naudsynt avtale om bruk av grunn.
Øyraelvområdet inngår som eit viktig anlegg i kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for Idrett og friluftsliv. Avslutning mot sentrum har hatt høg prioritet her lenge, men har ikkje blitt realisert før no, på grunn av manglande avtalar og finansiering.



Nytt anlegg inkluderer nedre del av elvadalen til sentrum og den allereie opparbeidde delen av elvadalsprosjektet.

Kommunen ved teknisk sektor har ansvar for drift av turveganlegget i Elvadalen i dag, og drift av det nye tillegget vil tilsvarande bli inkludert.
Prosjektet er komplisert og har høg kostnad. Kostnadsbiletet er godt dokumentert og kalkylar synest realistiske i høve til prosjektbeskriving. Anlegget kan ut frå gjeldande retningsliner godkjennast for søknad om tilskot frå spelemidlane.

Søknaden kan/bør delast i to delprosjekt, del 1-*Turveg med bruer og rekverk* og del 2 -*Lysanlegg*.
Med grunnlag i samla kostnadskalkyle og beskriving er dette vurdert sett opp slik:

**Del 1 - Turveg med bruer og rekkverk:**

| | |
|---|---|
| samla anleggskostnad | kr. 4.078.000 |
| Adm., rigg, byggeleiing, uforutsett (andel) | kr. 450.000 |
| Samla kostnad eks mva | kr. 4.528.000 |
| mva | kr. 1.132.000 |
| **Samla kostnad inkl. mva** | **kr 5.660.000** |

Grunnlag for tilskot frå spelemidlane 1/3- inntil kr. 1.000.000

**Finansiering del 1:**

| | |
|---|---|
| Volda kommune(budsj.2017)-Prosjektmidlar-sentrumsutvikling, | kr. 3.156.000 |
| Møre og Romsdal fylkeskommune - del av partnarskapsavtale i sentrumsprosjektet "Mellom bygningane i Volda" | kr. 1.204.000 |
| Næringslivet | kr 300.000 |
| Tilskot spelemidlar | kr. 1.000.000 |
| | **kr. 5.660.000** |

**Lysanlegg turveg og bruer:**

| | |
|---|---|
| samla anleggskostnad | kr.1.025.000 |
| Adm., rigg, byggeleiing, uforutsett (andel) | kr 190.000 |
| Samla kostnad eks mva | kr. 1.215.000 |
| mva | kr. 303.750 |
| **Samla kostnad inkl. mva** | **Kr.1.518.750** |

Grunnlag for tilskot frå spelemidlane 1/3- inntil kr. 506.000

**Finansiering del 2:**

| | |
|---|---|
| Volda kommune(budsj.2017)-Prosjektmidlar-sentrumsutvikling, | kr. 520.750 |
| Møre og Romsdal fylkeskommune - del av partnarskapsavtale i sentrumsprosjektet "Mellom bygningane i Volda" | kr. 492.000 |
| Tilskot spelemidlar | kr. 506.000 |
| **Sum** | **kr. 1.518.750** |

Kommunen finn dei aktuelle planane svært positive med tanke på auka aktivitet.
Volda kommune finn ut frå dette å kunne gje prosjektet idrettsfunksjonell godkjenning, som grunnlag for tilskot frå spelemidlane, i samsvar med søknad.
Samla tilskot frå Fylkeskommunen gjennom tettstadmidlar er Kr. 1.696.000, jf tilskotsbrev datert 15.09.2017 og gjennom spelemidlane kr. 1.506.000.
Samla tilskot kr. 3372.000 frå Fylkeskommune/stat i prosjektet vil likevel ikkje overstige 50% av samla kostnad. (3202/7078 - 45%).
Ved fremjing av søknad om tilskot frå spelemidlane må alle deler av finansiering vere dokumentert. (kommunal andel, Fylkeskommunal andel, tilskot frå næringslivet m.m).
For lysanlegget må det også vedleggast naudsynt lysberekning i samsvar med gjeldande retningsliner.

Det skal ved bygging/søknad etablerast eige prosjektrekneskap for anlegget. (jf V-0732 pkt 5.3).

Med helsing

| | |
|---|---|
| Jørgen Vestgarden<br>utviklingssjef | Per Heltne<br>fagansvarleg, plan |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*
**Kopi:**
Møre og Romsdal Fylkeskommune

# Bru/turveg Volda sentrum - Presteholmen

Vedlegg til spelemiddelsøknad

# Prosjektbeskrivelse

Volda kommune

**Elvadals-porten**
**Turveg med lys -tilknyting mellom Elvadalen og Volda sentrum**

**TILSKOT FÅ SPELEMIDLANE.**
**IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING.**
Prosjektet er ved kommunen sitt brev av 26.10.2017 gitt idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning i samsvar med gjeldande føresegner for tilskot frå Spelemidlane til anlegg for drett og Fysisk aktivitet.
Jf. Vegleiar V-0732 frå Kulturdepartementet.

e.f.m


***Per Heltne***
*Fagansvarleg Plan*
*Utvikling*
*Direkte 70058717 Mobil 91151347*
*www.volda.kommune.no*








**Sentrumsutviklingsprosjektet «Mellom bygningane i Volda» (MBV)**
Som del av sentrumsutviklingsprosjektet "mellom bygningane i Volda" er det no lagt planar for å knyte saman friluftsområda ved Øyraelva med Volda sentrum. Tiltaket – som omfattar bru og turveg i ei strekning på om lag 250 m er nedfelt i kommunedelplanen for Volda sentrum – og er elles poengtert som eit viktig utviklingstrekk i tettstadsanalysa for Volda.
Det er gjennom prosjektarbeid i regi av "Mellom bygningane i Volda" (MBV) – eit lokalt samarbeid mellom næringslivet, fylkeskommunen og kommunen – at tiltaket no er aktualisert.

**Bru og turveg**
Prosjektet omfattar bygging av bru på betong- og stålfundament langs bygg i Ristevegen 1, og vidare etablering av turveg i terrenget austover mot Presteholmen.

Når prosjektet er gjennomført vil det vere mogleg å gå/sykle mellom Volda sentrum og Rotevatnet i naturskjøne og bilfrie omgjevnadar – ei strekning på om lag 2 km.

På den delen av turvegen som vert liggande ned mot brua på E39 (krysset Industrigata – Holmen) må det som del av prosjektet etablerast brukonstruksjon langs veggen av bygningane på nordsida av Øyraelva i ei strekning på ca 30 m og med brukryssing av elva ca 60 m frå startpunktet. Vidare austover vil turvegen ligge i terreng og skal byggast med graving/planering i lausmassar. Den nye turvegparsellen kan koblast til eksisterande turveg sør-aust for Presteholmen



Slik ser området ut i dag

**Viktig del av grønstruktur**
I dag har friluftsområdet i Elvadalen tilkomst ifrå E39 Elvegata. Med den nye tilkomsten vil Elvadalen vere tilgjengeleg frå indre del av Volda sentrum. Som kartet nedom viser vil prosjektet utgjere ein viktig del av arbeidet med å få på plass ei samankopling mellom friluftslivsområda i Elvadalen og hamna/fjorden i Volda sentrum.



**Utviklingsplan for Volda sentrum**
Som eit av delmåla for "Mellom bygningane i Volda" er det utarbeidd ein utviklingsplan for Volda sentrum. Planen – som vart verdig sommaren 2015 - legg føringar for framtidig arealbruk i området og har – som eitt av mange forslag – etablering av turvegsamband ned mot sentrum som eitt av viktige tiltak som er tilrådd gjennomført.




*"Ein gangveg langsmed elva som bind Presteholmen saman med fjorden, kan medverke til betre tilgjenge og ei muleheit for å utvikle dei gamle industribygningane i området. Samstundes kan trafikkmiljøet verte betra for alle trafikantar med relativt enkle middel med fokus på dei gåande"*

## Plan for drift av anlegget

Volda kommune har tilsyn med anlegget og tek ansvar for drift og vedlikehald innanfor grensene til friluftsområdet.

# Komplett kostnadsoverslag turveg Volda sentrum - Presteholmen:

*Prisar er eks mva*

| | Eining | Mengde | Einingspris | Sum |
|---|---|---|---|---|
| **tursti og overvatn** | | | | |
| Riving av eks. bru | RS | | 25 000 | 25 000 |
| Vegetasjonsrydding inkl vegetasjonsdekke | m2 | 750 | 20 | 15 000 |
| Graving/opplasting og fylling i linje | m3 | 180 | 200 | 36 000 |
| Vekstjord til ranke | m3 | 50 | 25 | 1 250 |
| Sprenging | m3 | 80 | 230 | 18 400 |
| Tørrmurer | m2 | 496 | 3 000 | 1 488 750 |
| Behandling av traubunn | m2 | 750 | 15 | 11 250 |
| Fiberduk | m2 | 750 | 10 | 7 500 |
| Fylling under traubunn, tilførte masser (masseunderskudd) | m3 | 236 | 150 | 35 400 |
| Forsterkningslag (kult 20-120) | m3 | 181 | 220 | 39 820 |
| Bærelag (Fk 0-32) | m3 | 56 | 360 | 20 160 |
| Grusdekke | m3 | 35 | 500 | 17 500 |
| Asfaltdekke | m2 | 75 | 500 | 37 500 |
| Jordkledning og såing av skråningar | m2 | 250 | 45 | 11 250 |
| Stikkrenner | lm | 25 | 1 400 | 35 000 |
| Kantstein | lm | 35 | 400 | 14 000 |
| Flettverksgjerde | lm | 40 | 150 | 6 000 |
| | | | | |
| **Sum tursti og overvatn** | | | | **1 819 780** |
| | | | | |
| **Sum Bruer og rekkverk (se vedlegg for detaljer)** | | | | **847 290** |
| | | | | |
| **Sum Elektro (se vedlegg for detaljer)** | | | | **1 247 413** |
| | | | | |
| **SUM ANLEGGSKOSTNADER** | | | | **kr 3 914 483** |
| | | | | |
| Rigg og drift 10% av sum | | | | kr 391 448 |
| Adm. kostnader - Kontrahering, Prosjektledelse, byggeledelse, mv) 5% | | | | kr 195 724 |
| Uforutsette utgifter, 15% av sum | | | | kr 587 172 |
| | | | | |
| **TOTAL PROSJEKTKOSTNAD** | ex.mva | | | **kr 5 088 828** |

# Kostnadsoverslag bruer og rekkverk:

| | **Prisar er eks mva** | **Eining** | **Mengde** | **Einingspris** | **Sum** |
|---|---|---|---|---|---|
| Bru 1 | Dekke | m2 | 85 | | 92 225 |
| | Søyler til bru | RS | | | 79 050 |
| | Fundamenter bru og murer | RS | | | 92 225 |
| | Rekkverk | m | 70 | 2 000 | 140 000 |
| | | | | Sum | 403 500 |
| Bru 2 | Dekke | m2 | 31 | | 59 395 |
| | Søyler til bru | RS | | | 50 910 |
| | Fundamenter bru og murer | RS | 31 | | 59 395 |
| | Rekkverk | m | 28 | 2 000 | 56 000 |
| | | | | Sum | 173 490 |
| Bru 3 | Dekke | m2 | 23 | | 42 665 |
| | Søyler til bru | RS | | | 36 570 |
| | Fundamenter bru og murer | RS | | | 42 665 |
| | Rekkverk | m | 16 | 2 000 | 32 000 |
| | | | | Sum | 153 900 |
| Bru 4 | Dekke | m2 | 16 | | 33 040 |
| | Søyler til bru | RS | | | 28 320 |
| | Fundamenter bru og murer | RS | | | 33 040 |
| | Rekkverk | m | 11 | 2 000 | 22 000 |
| | | | | Sum | 116 400 |
| | **Sum bruer og rekkverk** | | | | 847 290 |

| Turveg/bruer/rekkverk | Beskrivelse | eks mva | mva | inkl mva |
|---|---|---|---|---|
| Rigg og drift | | 450 000 | 112 500 | 562 500 |
| Bearbeidet av terreng | Vegetasjonsrydding, rensk av bergoverflate, sprenging, opplasting, transport, riving av bygningsdelar, avretting av tilførte massar | 233 495 | 58 374 | 291 869 |
| OVA | Avløpsleidningar | 14 475 | 3 619 | 18 094 |
| Bygging av turveg | Breidde 2,5 m, lengd: ca 200 m<br>Utlegging av massar i fylling, geotekstilar (500 m2), grasdekke (500 m2), gjerde (50 m) | 271 055 | 67 764 | 338 819 |
| Natursteinsmurar | Tørrmurar (475 m2) som avgrensing av turveg mot elv og terreng | 1 294 375 | 323 594 | 1 617 969 |
| Konstruksjonar, bruer med fundament og rekkverk | Rensk av bergoverflate, pigging av berg, bolting/forankring i berg, forskaling av betongfundament, forskaling av betongsøyler, forskaling av betongbjelkar, armering i betong, levering av betong, overflatebehandling av betong, stålbjelkar, korrosjonsbeskyttande måling, brurekkverk av stål, brurekkverk av tre | 2 034 985 | 508 746 | 2 543 731 |
| Rekningsarbeid | | 229 750 | 57 438 | 287 188 |
| | | **4 528 135** | **1 132 034** | **5 660 169** |

Kulturdepartementet

# Kvittering på innsendt søknad om spillemidler

Referansenummer: 124875 Anleggsnummer: 72662 Registrert dato: 13.12.2017

## Prosjekt

### Prosjektinformasjon

Organisasjon

939760946

VOLDA KOMMUNE

Anlegg

Lys tursti Øyraelva

Søknadsordning

Ordinære anlegg

Vi søker om tilskudd til

Bygging av | Lysanlegg

Planlagt byggestart

02.12.2018

### Idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning

Dato forhåndsgodkjenning

26.10.2017

Forhåndsgodkjent av kommune (ev. departement)

Volda

## Kontakt- og regnskapsinformasjon

### Kontaktperson for søknad

Navn på kontaktperson

Torgeir Stensø

Telefonnummer til kontaktperson

70058755

E-postadresse til kontaktperson

torgeir.stenso@gmail.com

### Konto for utbetaling

Kontonummer

3991.07.81727

### Regnskapsansvarlig for prosjekt

Navn på regnskapsansvarlig

Torgeir Stensø

Telefonnummer til regnskapsansvarlig

70058755

E-postadresse til regnskapsansvarlig

torgeir.stenso@volda.kommune.no

Kostnader

Bygging av lysanlegg kr 1 518 750

Tilskuddsberettigede kostnader kr 1 518 750

| Kostnadstype | Beskrivelse | Kjøp varer og tjenester | Mva. på varer og tjenester | Dugnadsverdi | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Elektroinstallasjoner | Installasjon inkl arbeid, utstyr og materiell | 330 575 | 82 644 | 0 | 413 219 |
| Elektroinstallasjoner | Kabelgrøfter | 75 000 | 18 750 | 0 | 93 750 |
| Elektroinstallasjoner | Stolpar | 178 425 | 44 606 | 0 | 223 031 |
| Elektroinstallasjoner | Nettstasjon | 120 000 | 30 000 | 0 | 150 000 |
| Elektroinstallasjoner | Armaturar | 70 200 | 17 550 | 0 | 87 750 |
| Elektroinstallasjoner | LED-lys bruer | 250 800 | 62 700 | 0 | 313 500 |
| Administrasjon og prosjektering | administrasjon, rigg og drift, uforutsett andel | 190 000 | 47 500 | 0 | 237 500 |
| Sum | | 1 215 000 | 303 750 | 0 | 1 518 750 |

Søknadsbeløp og finansieringsplan

**Søknadsbeløp**

Kr 506 000

**Finansieringsplan**

Egenkapital

Kr 518 750

Lån

Kr 0

Kommunalt tilskudd

Kr 0

Fylkeskommunalt tilskudd

Kr 494 000

Pengegaver/tilskudd fra privatpersoner/private organisasjoner

Kr 0

Andre offentlige tilskudd

Kr 0

Dugnadsverdi

Kr 0

Tidligere spillemidler

Kr 0

Totalsum finansiering

Kr 1 518 750

## Vedlegg

| Valgte vedleggstyper | Beskrivelse | Fil | Lastet opp |
|---|---|---|---|
| Rett til bruk av grunn | Grunnavtale gbr 29/9, 29/44, 29/48 | Underskriven grunnavtale MKV eiendom-Volda Kommune.pdf | 05.10.2017 |
| Rett til bruk av grunn | Grunnavtale gbr 19/999 | Underskriven grunnavtale.pdf | 05.10.2017 |
| Rett til bruk av grunn | Grunnavtale gbr 19/107 | Underskriven grunnavtale_Dalsfjord-mek.pdf | 05.10.2017 |
| Rett til bruk av grunn | Grunnavtale gbr 19/778 | Underskriven grunnavtale.pdf | 05.10.2017 |
| Plan for drift av anlegg | | Plan for drift av anlegget.pdf | 05.10.2017 |
| Annet | Prosjektplan, jf s 18,19,20 og 22 | Prosjektplan.pdf | 05.10.2017 |
| Dokumentasjon av de øvrige delene av finansieringsplanen | Delfinansiering tilskot | Tilsegn om tilskot 1.pdf | 06.10.2017 |
| Eventuell dokumentasjon av kostnadsposter | Kostnadskalkyle, lysanlegg | Tal-grunnlag søknad, lysanlegg.pdf | 13.12.2017 |

## Annen informasjon

☑ Alle søkere plikter å gjøre seg kjent med gjeldende bestemmelser. Jeg erklærer herved at jeg har lest nødvendig informasjon, og at jeg etter beste evne har svart på spørsmålene. Jeg er oppmerksom på at hvis jeg ikke gir riktige opplysninger, kan dette føre til at søknaden ikke godkjennes.

Søknaden blir sendt til Volda kommune og sluttbehandles i Møre og Romsdal fylkeskommune

# Kostnadskalkyle: lysanlegg turveg Volda sentrum - Presteholmen

| Lysanlegg | Beskrivelse | eks mva | mva | inkl mva |
|---|---|---|---|---|
| Adm, rigg og drift, byggeleiing, uforutsett andel | | 190 000 | 47 500 | 237 500 |
| Installasjon | inkl arbeid, utstyr og materiell | 330 575 | 82 644 | 413 219 |
| Straumforsyning | Kabelgrøfter | 75 000 | 18 750 | 93 750 |
| Stolpar | Levering og montering av stålmaster på fundament. Konisk pulvelakkert stålmast. RAL 6004. Toppdiameter Ø60 mm. | 178 425 | 44 606 | 223 031 |
| Nettstasjon | Omfattar komplett levering og oppsetting av fordelingsskap/veglysskap/tennskap inkl. fundament for forsyning, drift og styring av vegbelysning. | 120 000 | 30 000 | 150 000 |
| Armaturar | Levering og montering av 13 stk armaturar av type Thorn URBA S 12L35 PWC MTP60 L730 eller liknande. | 70 200 | 17 550 | 87 750 |
| LED-list for håndløper på gangbru | Led-list, type OSRAM LF-LTS-2100 SLIM TRACK UNV1 og LF-LTS-COVER-DIFFUSE UNV1 eller tilsvarende | 250 800 | 62 700 | 313 500 |
| Sum | | **1 215 000** | **256 250** | **1 518 750** |

# Kostnadsoverslag elektro:

| Prosesnr. | Prosesstekst | Mengde | Sum |
|---|---|---|---|
| 11.41 | Teknisk kontroll | 1 | 50 000 |
| 11.43 | Kortslutningberegninger | 1 | 5 000 |
| 11.44 | Lysberegninger | 1 | 3 000 |
| 11.54 | FDV-dokumentasjon | 1 | 30 000 |
| 12.12 | Rigg drift | 1 | 16 000 |
| 16.31 | Omlegging forsyning | 1 | 10 000 |
| 44.15 | Kabelgrøfter | 250 | 75 000 |
| 44.221 | PFSP 25 Al | 270 | 24 300 |
| 44.222 | PFSP 4x2,5+j | 250 | 22 500 |
| 44.223 | PFXP 5G1,5 | 95 | 8 550 |
| 44.224 | Oppstikk gul/grønn PN | 13 | 3 900 |
| 44.225 | Avgrening gul/grønn PN til bru | 6 | 15 000 |
| 44.226 | Koblingsboks IP67 | 1 | 500 |
| 44.281 | Blank jordleder | 300 | 12 000 |
| 44.29 | Jordspyd | 1 | 10 000 |
| 44.331 | 50 mm rør | 30 | 2 250 |
| 44.332 | 75 mm rør | 500 | 32 500 |
| 44.333 | 110 mm rør | 100 | 6 500 |
| 44.334 | 75 mm rør på stålbru | 100 | 15 000 |
